



Sauda kommune

Velkommen til nytt barnehage- og skuleår!

Informasjon til føresette





Innhald

[Vi treng kvarandre](#)

[Verdiplakat](#)

[Heime ved sjukdom](#)

[Fråvær i skule](#)

[Trygt og godt miljø – lovverket](#)

[Trygt og godt miljø – kva gjer du?](#)

[Fellesskap og inkludering – eit felles ansvar](#)

[Trygt og godt miljø – føresette bidrag](#)

[Trygt og godt miljø – å øve på livet](#)

[Trygt og godt miljø – kjensler treng rettleiing](#)

[Trygt og godt miljø – robuste vaksne](#)

[Verktøykasse – forstå barns åtferd](#)

[Motivasjonstrappa](#)

[Toleransevindaug](#)

[Læringsgropa](#)

[BTI – betre tidleg og tverrfagleg innsats](#)

[BTI-rettleiar](#)

[Trygg og sikker i trafikken – trafiksikker kommune/skule](#)

[Trygg og sikker i trafikken - hjartesone](#)

[Trygg og sikker i trafikken – foreldrebidrag](#)

[Organisering av det formelle foreldresamarbeidet](#)

[Foreldrekontaktar/klassekontaktar \(skule\)](#)

[Oversikt foreldresamarbeid](#)

[Forventningar i foreldresamarbeidet](#)

[Ta kontakt!](#)

Trykk på linken for å kome til aktuell side.

Vi treng kvarandre!

Barn og unge tilbringer store delar av kvardagen i barnehage, skule og SFO. Miljøet dei møter der har stor betydning for trivsel, utvikling og læring.

Samtidig heng arenaene i livet deira tett saman. Det barna opplever i barnehage, skule og SFO påverkar livet heime – på same måte som det dei lærer, opplever og møter heime, formar korleis dei møter andre i fellesskapet.

Eit godt miljø blir derfor ikkje skapt av dei tilsette eller føresette åleine. Vi vaksne rundt barna – både føresette og tilsette – er saman med på å forme haldningar, relasjonar og den kulturen barna er ein del av kvar dag.

Barn treng vaksne som står saman rundt dei. Når utfordringar oppstår, er ikkje spørsmålet kven som har ansvar, men kva vi saman kan gjere for å skape eit miljø der alle opplever tryggleik, tilhøyrslø og fellesskap.



Verdiplakat

Sauda kommune arbeider for at alle barn og unge skal ha ein trygg og god kvardag i barnehage, skule og SFO.

For å få til dette er vi avhengige av eit godt samarbeid med alle føresette.

Verdiplakaten forpliktar oss alle i dette arbeidet.

Den seier:

➤ **Alle treng å bli sett, bli tolt og høyre til.**

Dette betyr at barna skal oppleve å bli tekne på alvor, få anerkjenning for den dei er, få uttrykkje tankar og kjensler, og kjenne at dei høyrer til i fellesskapet i barnehage, skule og SFO.



Heime ved sjukdom?

- **Alle barn i Sauda skal bli sett, tolt og høyre til.** Eit viktig grunnlag for dette er høg grad av nærvær.
- I Noreg er det opplæringsplikt, og skulen har ansvaret for å gi barna den opplæringa dei har rett på. For å gi barna dette, er vi avhengige av å ha dei på skulen.
- I barnehage er det ikkje oppmøteplikt, men regelmessig opphald er likevel viktig. Det er gjennom kvardagen med andre barn og vaksne at relasjonar blir bygde, fellesskap utvikla og barna får erfaringar som er viktige for trivsel og utvikling.
- Barn med feber, oppkast, diaré eller annan smittsam sjukdom skal vere heime.
- Er barnet litt ute av form, er det allmenntilstanden som avgjer om det bør vere heime eller kan gå i barnehagen eller på skulen.
- Er du i tvil, kan det ofte vere lurt å komme. Dersom barnet ikkje kjem seg, eller forma blir dårlegare, tar vi kontakt med dykk.
- For dei yngste barna (barnehagealder) er behovet for nærleik og omsorg frå føresette særleg viktig når dei ikkje er i form til å delta i ein vanleg barnehagedag. I barnehagen er barna også tettare på kvarandre, og smitte kan lettare spreie seg.



Fråvær i skule

- **Barn går på skulen 190 dagar i året og har både rett og plikt til å møte på skuledagane.**
- Skuleruta viser skuledagar og fridagar og blir publisert for to skuleår om gongen på Sauda kommune sine nettsider. Vi oppmodar om å leggje feriar, reiser og andre aktivitetar til dei fastsette fridagane.
- Terskelen for å søkje permisjon utanom sjukdom bør vere høg. Søknad om permisjon sender de i foreldreportalen i Visma.
- Skulen vurderer kvar søknad individuelt, mellom anna ut frå eleven sitt læringsutbyte, behov for opplæring og tidlegare fråvær.
- Føresette kan søkje om at inntil 10 dagar fråvær per skuleår ikkje blir ført på vitnemålet frå ungdomsskulen. Dette gjeld blant anna dokumentert fråvær av helsegrunnar.
- **Dersom barnet strevar med å kome på skulen, ta kontakt så tidleg som mogleg.** Saman kan vi finne ut kva som er vanskeleg og finne gode løysingar som gjer vegen tilbake tryggare og lettare.
- [Skulane har ei felles rutine for oppfølging av fråvær.](#) Dersom fråværet utviklar seg i ei bekymringsfull retning, tek skulen tidleg kontakt. Dette gjeld både dokumentert og udokumentert fråvær.

Trygt og godt miljø

Vi arbeider aktivt for å skape eit miljø der alle opplever **tryggleik, respekt og å høyre til**.

Alle barnehagane og skulane har ein plan for korleis dei arbeidar med å fremje eit trygt og godt psykososialt miljø.

[Skulereglane](#) gir rammer for korleis elevar og vaksne skal vere saman. Desse er vedteke av kommunestyret.

Barnehageloven om rettane til barna:

§ 41. Nulltoleranse og forebyggjande arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.


Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

Opplæringsloven om rettane til elevane:

§ 12-3. Nulltoleranse og forebyggjande arbeid

Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.





Trygt og godt miljø i barnehage, skule og SFO

Kva gjer du ved uro?

Eige barn → kontakt pedagogisk leiar/kontaktlærer

Heil gruppe/klasse → kontakt pedagogisk

leiar/kontaktlærer/SFO-leier eller foreldrekontakt

Når du melder frå:

Sak blir oppretta og undersøkt snarast mogleg

Du får informasjon om resultatet

- * Brot på rett → aktivitetsplan med tiltak
- * Ikkje brot på rett → dialog om forbetring

Dersom du ikkje er nøgd

Kontakt [mobbeombudet i Rogaland](#) for råd

Send klage til styrar/rektor

Videre til kommunalsjef og evt. Statsforvalteren

I skulen kan føresette også klage direkte til [Statsforvalteren](#)

[Les meir på heimesidene til Sauda kommune.](#)



Fellesskap og inkludering for alle – eit felles ansvar

Når ditt barn har det bra

- har mitt barn det bra!

Når mitt barn har det bra

- har ditt barn det bra!

(Ukjend)

For å byggje sterke og trygge fellesskap rundt barna, treng vi føresette som ser utover sitt eige barn, og som saman med oss tek ansvar for at alle barn opplever å høyre til. Eit godt oppvekstmiljø blir skapt når vaksne står saman.





Trygt og miljø – føresettes bidrag

- Som føresettt bidreg du til eit trygt og godt psykososialt miljø blant anna ved å:
 - Snakke positivt om andre barn, familiar, tilsette og fellesskapet barnet er ein del av.
 - Vere bevisst på at handlingar og verdiar barnet møter heime, påverkar korleis dei møter andre i barnehagen og skulen.
 - Hjelp barnet med å vise respekt, inkludere andre og forstå at alle har ansvar for eit godt fellesskap.
 - Setje tydelege grenser og lære barnet korleis vi oppfører oss mot andre, både ansikt til ansikt og på digitale arenaer.
 - Stoppe og rettleie barnet når åtferd, språk eller handlingar går utover andre, både på nett og i det daglege samspelet med andre.




Trygt og godt miljø – å øve på livet

Som føresettt styrkjer du også indirekte barnet sitt psykososiale miljø når du hjelper barnet til å erfare at utvikling ofte krev øving, tolmod, mot til å møte utfordringar og vilje til å stå i litt strev undervegs.

Barn må gradvis lære å tole at ikkje alle er samd med dei, at dei ikkje alltid får viljen sin, tape i spel, vente på tur, sjå at andre lukkast og ikkje dei. Slike situasjonar skapar frustrasjon, og det er heilt normalt. Frustrasjon er ein del av det å vekse!

Når du støttar barnet gjennom slike prosessar, er du med på å byggje sjølvkjensle og sjølvtrillit. Dette er igjen eit viktig grunnlag for livsmeistring og for korleis barnet møter utfordringar og relasjonar gjennom livet.




Frå verktøykassen
«Psykologisk førstehjelp»

Trygt og godt miljø – kjensler treng rettleiing

Barn blir fødte med kjensler, men ikkje med ferdige evner til å forstå eller regulere dei.

Derfor treng dei vaksne som anerkjenner kjenslene deira, men som samtidig hjelper dei til å forstå at verda ikkje alltid kan og må tilpasse seg det dei føler.

Det er ikkje slik at kjensler alltid speglar den ytre verkelegheit. Av og til må derfor barna sjølv tilpasse seg omgjevnadane.



Frå verktøykassen
«Psykologisk førstehjelp»

Trygt og godt miljø – robuste vaksne

Det betyr at vi vaksne må klare å stå i barnet sine sterke kjensleutbrot utan å la kjenslene styre oss. Å validere kjensler handlar om å vise forståing for kjenslene, ikkje om å alltid gi etter for dei.

Det er dei vaksne som må vere robuste nok til å handtere slike situasjonar på ein klok og trygg måte.

Vaksne skal setje trygge grenser, stoppe uønskt åtferd på ein trygg og god måte når det trengst, og hjelpe barnet vidare med kva det kan gjere.

Det viktige for barnet er å erfare at dei vaksne ser dei, toler kjenslene deira og viser at dei framleis høyrer til, også på dagar der kjensler kjem sterkt til uttrykk.



Verktøykasse – forstå barns åtferd

I barnehage, skule og SFO har vi ein verktøykasse for å forstå og møte barns åtferd.

Nokre av desse verktøya kan vere nyttige for de føresette også. Enten som refleksjonsverktøy som hjelper deg til å forstå deg sjølv eller barna betre, eller bruke dei i dialog med barna (tilpassa alder.)

Aktuelle verktøy blir presentert på dei neste sidene.



MOTIVASJONSTRAPPA

Motivasjonstrappa viser at utvikling skjer steg for steg. Barn går ikkje frå «eg får det ikkje til» til meistring på ein dag. Dei må få tid til å øve, prøve, feile, justere og erfare framgang undervegs.

Målet er ikkje at barnet alltid skal lukkast med ein gong, men å lære at utvikling krev innsats, tolmod og vilje til å halde fram sjølv når noko er vanskeleg. Dei kan også trenge hjelp for å kome til neste steg. Meistringskjensle er ofte nøkkelen for å kome vidare.

Ei viktig oppgåve for vaksne er ikkje å fjerne alle utfordringar, men å støtte barnet i å ta eitt steg vidare. La dei vere med å finne løysingar sjølv.

[Ny forskning viser at for mykje tilrettelegging kan bidra til å forsterke engstelse.](#) Barn treng støtte og tryggleik til å øve på og gradvis møte det som er vanskeleg.




TOLERANSEVINDAUGET

Toleransevindauget viser kor mykje aktivering kroppen og hjernen vår toler før vi kjem ut av balanse. Kor stort dette vindauget er, varierer frå person til person. Medfødd personlegdom, temperament, tidlegare erfaringar, miljø og andre faktorar påverkar kor breitt toleransevindauget vårt er.

Når barn er innanfor toleransevindauget sitt, er dei i stand til å tenkje, lære, samarbeide og regulere kjenslene sine på ein god måte. Når aktiveringa blir for høg, kan barnet bli sint, frustrert, impulsivt eller miste kontroll. Når aktiveringa blir for låg, kan barnet trekke seg tilbake, bli passivt eller stenge av.

Som føresettt er det viktig å forstå at barn som er utanfor toleransevindauget sitt først treng hjelp til å finne tilbake til ro og balanse, før dei er klare for rettleiing, læring eller gode samtalar.

Barn lærer gradvis å regulere egne kjensler og reaksjonar gjennom støtte frå vaksne som sjølve klarer å halde seg regulerte. Når vaksne møter barnet med tydelegheit, ro og varme, skaper det tryggleik og gir barnet støtte til å finne tilbake til toleransevindauget.



LÆRINGSGROPA


Læringsgropa viser at utvikling og meistring sjeldan skjer utan motstand.

Når barn møter noko nytt eller vanskeleg, er det heilt naturleg å kjenne usikkerheit, frustrasjon, motløyse eller lyst til å gi opp undervegs.

Som føresettt er det viktig å forstå at slike reaksjonar ikkje betyr at noko er gale. Dei er ofte ein nødvendig del av læringsprosessen.

Barn treng vaksne som hjelper dei å stå i ubehaget, halde fram litt til og erfare at dei kjem vidare sjølv om det kjennest vanskeleg akkurat no.

Når vi ikkje fjernar alle utfordringar, men støttar barnet gjennom dei, lærer barnet noko av stor verdi: Eg kan møte motstand, halde ut og få det til! **Det byggjer sjølvkjensle og sjølvtilit.**





Betre tidleg og tverrfagleg innsats - BTI

Det skal vere trygt og godt å vekse opp i Sauda.

Likevel oppstår det av og til utfordringar som gjer at ikkje alle har det så bra.

I Sauda nyttar vi BTI-modellen for å sikre at barn og unge får den hjelpa dei treng. BTI står for betre tidleg og tverrfagleg innsats.

Ingen bekymring er for stor eller for liten.

BTI er ein samhandlingsmodell som involverer tenester som jobbar for og med barn og unge.



BTI-rettleiaren er vårt arbeidsverktøy ved uro for eit barn si utvikling. Det viktigaste du som føresett kan gjere er å seie frå tidleg dersom du er uroa for barnet si personlege, sosiale eller læringsmessige/faglege utvikling.

BTI-veilederen er kartet vi bruker ved uro for et barn/ungdom

[Skriv ut BTI-veileder oversikt](#)

```
graph LR; N0[Nivå 0] --> N1[Nivå 1]; N1 --> N2[Nivå 2]; N2 --> N3[Nivå 3];
```

Nivå 0
Definer uroen for et barn/ungdom, gruppe eller klasse.
Klikk på hvert trinn for å få mer utfyllende informasjon

Trinn 1:
Definer uroen

Trinn 2:
Del uroen med leder

Trinn 3:
Del uroen med barnet/ungdommen, foresatte eller den gravide

Trinn 4:
Pedagogisk analyse

Trinn 5:
Grunn til videre oppfølging?

Trinn 6:
Avslutt saken

Nivå 1
Vurdering, gjennomføring og evaluering av tiltak

Trinn 1:
Samtykke til stafettlogg

Trinn 2:
Skape felles forståelse

Trinn 3:
Bli enige om virksomme tiltak

Trinn 4:
Iverksette tiltak

Trinn 5:
Evalueringsmøte

Nivå 2
Behov for mer hjelp – tverrfaglig samarbeid og medvirkning

Trinn 1:
BTI-møte

Trinn 2:
BTI-møte planlegg tiltak

Trinn 3:
Iverksette koordinerte tiltak

Trinn 4:
Evalueringsmøte - drøftingsdel

Trinn 5:
Evalueringsmøte - beslutning

Nivå 3
Videre tverrfaglig samarbeid og medvirkning
Nivå 3 er i prosess – endringer vil komme

Trinn 1:
Første møte med aktuell instans

Trinn 2:
Planlegg tiltak

Trinn 3:
Iverksett koordinerte tiltak

Trinn 4:
Evalueringsmøte - drøftingsdel

Trinn 5:
Evalueringsmøte - beslutning

Trafikksikker kommune/skule

- Sauda kommune er ein trafikksikker kommune og skulane våre er godkjente som trafikksikre skular.
- Dette inneber blant anna at barnehagane vektlegg trafikkopplæring når dei er på tur med barna, og skulane inkluderer trafikkopplæring i undervisninga.
- Trafikksikkerheit handlar ikkje berre om reglar. Det handlar om vanar, haldningar og vaksne som går føre som gode rollemodellar.
- Føresette er ein viktig del av barna si trafikkopplæring, fordi gode vanar blir skapte tidleg gjennom det barna ser, lærer og erfarer kvar dag.



Hjertesone

- Ved alle barneskulane er det skilt som viser hjertesone.
- Hjertesone betyr at vi ønskjer minst mogleg biltrafikk i dette området.
- Barn som blir køyrde til skulen bør setjast av før ein kjem til hjertesone-skiltet.
- Det er ikkje eit forbod-skilt, men ei sterk oppmoding om å bidra til å redusere biltrafikken rundt skulen.



HJERTESONE
TRYGGERE VEI

Trafikksikker kommune/skule - foreldrebidrag

- Som føresett bidreg du til gode vanar og haldningar i trafikken blant anna ved å:
 - Gi barnet trafikktraining ved å gå eller sykle saman med barnet på fritid.
 - Gå eller sykle til barnehagen.
 - Om du må køyre – vis omsyn ved henting og levering. Unngå farlege situasjonar.
 - La barnet gå eller sykle til og frå skulen, der dette er mogleg.
 - Om du må køyre barnet til skulen, la barnet gå frå der vegen er trygg, eller bruk tilrådde og trygge stoppestader. Hent same stad.



Formelt foreldresamarbeid

- Foreldresamarbeidet er organisert gjennom foreldrekontaktar, FAU, samarbeidsutval (SU) og eventuelt kommunalt foreldreutval (KFU).
- I barnehage har ein kun samarbeidsutval.
- I skulane har ein både foreldreutval og samarbeidsutval. Dette er vedteke av kommunestyret og kjem fram av forskrift om skulereglar og skuledemokrati, Sauda kommune.

Foreldresamarbeid

Foreldresamarbeidet er organisert gjennom ulike utval.



Dette er vedteke av kommunestyret og kjem fram av [forskrift om skulereglar og skuledemokrati, Sauda kommune.](#)

Foreldrekontaktar/klassekontakt:

Oppvekst

- I kvar skuleklasse er det **to foreldrekontaktar**:
 1. **Ein sosialkontakt**, som har ansvar for å initiere to klassemiljøtiltak utanom skuletid kvart skuleår.
 - Tiltaka skal planleggjast og gjennomførast saman med, eller kan delegerast til, andre føresette. Sosialkontakten har kun det ekstra ansvaret for å ta initiativ til at det blir gjennomført.
 - Sosialkontakten er også kontaktperson for det som vedkjem heile klassen sitt læringsmiljø.
 2. **FAU-kontakt**, som representerer klassen i FAU og tek saker og informasjon mellom klassen og FAU.
 - **FAU** planlegg og styrer sitt eige arbeid, og arbeider for eit trygt og godt skulemiljø i samarbeid med skulen.

Klassemiljøtiltak – saman skapar vi gode opplevingar

To klassemiljøtiltak utanom skuletid kvart skuleår

I kvar skuleklasse er det tradisjon for at føresette tar ansvar for å gjennomføre **to klassemiljøtiltak** utanom skuletid kvart skuleår.



Tiltaka skal planleggjast og gjennomførast saman med, eller delegerast til, andre føresette. Ein føresett har det ekstra ansvaret for å **ta initiativ** til at det blir gjennomført.



Verdien av desse tiltaka er høg, fordi elevar og føresette kan bli **kjende på ein meir uformell arena**.



Det er viktig at det er **enkle og inkluderande tiltak** som passar alle, er enkle å gjennomføre og ikkje har høge kostadar.




Det har vore tradisjon over fleire år at føresette tar ansvar for å gjennomføre to klassemiljøtiltak årleg. Dette blei initiert av foreldreutvalet på **Austarheim skule** for over 10 år sidan, og blei etter ønske frå føresette innført som praksis ved alle grunnskulane i Sauda kommune.



Saman skapar vi eit inkluderande klassemiljø og gode minner for både små og store!

Roller i foreldresamarbeid

Saman for eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø





Forventningar i foreldresamarbeidet

Barnehage, skule og SFO sine forventningar til føresette:

- Bidreg til eit godt og tillitsfullt samarbeid
- Tek kontakt tidleg om noko er uklart eller det oppstår spørsmål
- Tek kontakt tidleg ved uro for eige barn eller miljøet i gruppa/klassen
- Deler informasjon om barnet som er relevant for kvardagen og oppfølging
- Gir beskjed ved fråvær
- Respektere opningstider og tidsfristar i barnehage og SFO

Forventningar føresette kan ha til barnehage, skule, SFO:

- Bidreg til eit godt og tillitsfullt samarbeid
- Gir tydeleg og relevant informasjon om det som påverkar barna sin kvardag
- Tar tidleg kontakt med føresette ved uro eller bekymring for barn
- Arbeide aktivt for å skape gode relasjonar og inkluderande fellesskap der både barn og føresette opplever å høyre til

Ta kontakt!

- Det er alltid bedre å ta kontakt ein gong for mykje, enn ein gong for lite!
- Det er Visma som brukast som kontaktkanal med tilsette i barnehage og skule.
- Sensitiv informasjon skal aldri sendast frå eller til e-post eller SMS.
- Sosiale medier-kanalar som Messenger, WhatsApp, Snapchat e.l, skal ikkje brukast til kontakt om det som vedkjem barnet og barnehage-/skulekvardagen.





***Ingen barn utviklar seg åleine.
Ingen vaksne lykkast åleine.
Det beste vi kan gi barna,
er at vi står saman rundt dei.***

